

Retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Møre og Romsdal

1. OM ORDNINGA

Møre og Romsdal fylkeskommune gir tilskot til kulturarenaar. Midlane kjem frå spelemidlane, som er overskotet i Norsk Tipping AS. Kulturdepartementet fordeler midlane til fylkeskommunane gjennom ordninga «Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg».

2. FORMÅL

Tilskota skal bidra til å realisere egna lokale, bygningar og utearenaer som gir rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan bli gitt til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan òg bli gitt til etablering av livsnøytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging, modernisering og rehabilitering av kulturbygg, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift.

Det er eit grunnleggande prinsipp at tilskot frå spelemidlane ikkje skal danne grunnlag for fortenebaserte eigedomsformer eller sørge for fortene for private eigarar.

- Det skal ikkje utbetalast utbytte til eigarane.
- Eit eventuelt overskot ved kulturbygget skal gå til drift eller investeringar i kulturbygget.
- Ved nedlegging/avvikling av kulturbygget så skal alle økonomiske verdiar utover det som går til å dekke forpliktingar gå til kulturelle formål etter avgjerd frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

3. KVEN KAN SØKE

Andelslag (der alle som ønskjer det kan være med), kommunar, stiftingar eller organisasjonar med demokratisk oppbygging kan søke. Vilkår for at ein organisasjon kan stå som søkar, er at kommunen eller fylkeskommunen slår fast at utforming av bygget, vedtekter og driftsplan gjer det til eit allment kulturbygg.

Søkar må vere registrert i Einingsregisteret og tildelt organisasjonsnummer.

For andelslag og stiftingar skal vedtektene førehandsgodkjennast av fylkeskommunen.

4. KVA KAN EIN SØKE OM TILSKOT TIL

Investeringstilskot til nybygg, tilbygg/ombygging av eksisterande kulturlokale og kjøp/ombygging av andre lokale til kulturbygg.

Permanent eller naglefast innreiing kan det søkjast tilskot til, til dømes:

- kjøkkeninnreiing
- fast scenerigg
- lydanlegg for høyrslhemma (teleslynge)
- teleskoptribune
- oppgradering for å støtte gjeldande krav til universell utforming

5. KVA KAN EIN IKKJE SØKE TILSKOT TIL

Det blir ikkje gitt tilskot til kjøp av grunn, dekking av gjeld eller til utgifter til arbeid utanfor 1 m frå yttergrensa til anlegget.

Døme:

- tilførsels- og avløpsleidningar for vatn og kloakk
- tilførsel for elektrisitet
- inngjerding av eigedom
- vegar
- parkeringsplassar
- laust utstyr som sceneutstyr, bord, stolar m.m.

Funksjonar og lokale som fell utanfor ordninga:

1. Kommersiell verksemd, som verkstad og utstillingslokale for sal, selskapslokale eller kinobygg der visning av film styrer drifta.
2. Kulturbygg med snever/isolert funksjon.
3. Egne lokale som blir bygd og drive berre for ei enkelt foreining.
4. Lokale som blir brukt til undervisning, skole, og kulturskole.

Lokale som disponerast til desse funksjonar åleine, eller det at dei som driv aktivitetane har råderett til lokala og sjølv regulerer utleige til andre brukarar ut frå eigne behov, fell utanfor ordninga. Dette er funksjonar som det ofte vil vere ønskjeleg å samlokalisere med lokale kulturbygg. Ved slike løysningar kan det vurderast i kva grad det kan bli gitt dispensasjon, spesielt knytt til pkt. 2. Felles areal blir da å fordele mellom de ulike einingane.

6. SATSAR FOR TILSKOT

Tilskot vil variere med kulturbygget sin storleik, type og funksjon. Tilskotet kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget, men maksimalt 2 millionar kroner. For søkarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskotsdelen på 1/3 reknast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå. Nedre grense for godkjent prosjektkostnad er 150 000 kroner. Minste tilskotssum vil då vere 50 000 kroner.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemder, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

Det blir gitt tilskot berre for eitt år av gangen. Større tilskot kan bli delt over fleire år, med atterhald om at Kulturdepartementet vidarefører ordninga, og at tildelingar til Møre og Romsdal blir halde på eit nivå som gjer dette mogleg.

7. VILKÅR FOR TILSKOT

1. Lokale kulturhus skal vere opne for all lovleg kultur- og organisasjonsverksemd.
2. Lokala må være planlagde ut frå definerte behov og bør vere fleksible.
3. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.
4. Huseigar utformar sjølv nærare reglar for bruk av huset, innanfor intensjonane i pkt. 1. Huseigar har høve til å forby servering av alkohol i huset.
5. Oppstår det tvist om bruk av huset, blir tvisten avgjort av kommunestyret eller den kommunestyret delegerer mynde til.
6. Dersom huset ikkje lenger blir brukt i samsvar med opphavsleg formål, kan det medføre at motteke spelemidlar må tilbakebetalast.

Særskilt ved ombygging, rehabilitering, og/eller tilbygg:

Ved ombygging eller rehabilitering av eksisterande kulturlokale, må tiltaka vere grunna i nye og endra behov med omsyn til aktivitet og storleik, eller behovet for standardheving av lokala. Døme på standardheving er ombygging med omsyn til universell utforming.

Rehabilitering er ei istandsetting av kulturbygget som skal gi ei vesentleg funksjonell standardheving samanlikna med dagens situasjon. Tilskot til rehabilitering føreset ein heilskapleg tilnærming til anlegget, som inneber at ein må ha vurdert behovet i hele anlegget sjølv om ein berre søker tilskot til rehabilitering av delar av kulturbygget.

Planane for rehabilitering skal bygge på ein heilskapleg tilstandsrapport som gjer greie for tekniske, økonomiske og funksjonelle tilhøve i heile anlegget. Personar med relevant fagkompetanse skal vurdere tilstanden til bygget og utarbeide tilstandsrapporten. Det kan søkast om midlar til rehabilitering etter 10 års bruk av bygget.

Det blir ikkje gitt tilskot til vanleg vedlikehald eller til skader som skuldast feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald.

Alle søknader om tilskot til ombygging/rehabilitering føreset at lokala er eller blir universelt utforma.

Ved kjøp av hus for ombygging til kulturhus, kan dokumentert kjøpesum tas inn i grunnlaget for søknaden.

Kulturbyggeigar sine plikter

- Kulturbygg som mottar tilskot skal nyttast til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Dette inneberer plikt til å drive på årsbasis. Nedlegging eller bruksendring av bygget i løpet av 20-årsperioden skal ikkje skje utan skriftleg samtykke frå fylkeskommunen på førehand.

- Dersom huset blir midlertidig stengt for 3 måneder eller meir, pliktar huseigar på førehand å orientere fylkeskommunen. Denne plikta gjeld også for kommunen. Fylkeskommunen har rett til å sette vilkår for slik midlertidig stenging av bygget. Blir bygget ikkje opna i løpet av seks måneder, blir stenginga å rekne som mislighald, med mindre det føreligg skriftleg godkjenning frå Kulturdepartementet for ei forlenga stenging.
- Dersom framtidig drift av kulturbygget er trua, skal huseigar utan ugrunna opphald orientere Kulturdepartementet om dette. Denne plikta gjeld også for kommunen.
- Huseigar plikter å halde bygget i godkjent teknisk stand, samt sjå til at dei tryggleiksforskrifter som gjeld for vedkommande kulturbygg blir etterlevd. Elles skal bygget vedlikehaldas slik at det ikkje blir forringa utover det som følgjer av normal slitasje og elde. Bygget må vere funksjonelt for den type kulturaktivitet som det er bestemt til bruk for. I den grad det let seg gjere utan vesentleg kostnad, bør huseigar søke å imøtegå eventuelle nye og endra behov med omsyn til kulturaktivitet i befolkninga.
- Sal eller deling av bygget skal ikkje skje utan skriftleg samtykke frå fylkeskommunen på førehand. Overføring av drifta av bygget til andre enn tilskotsmottakar skal heller ikkje skje utan skriftlege samtykke på førehand frå fylkeskommunen. Pantsetting av bygget i tråd med finansieringsplanen vil normalt bli godkjent ved imøtegåing av søknaden.
- Huseigar plikter å føre rekneskap i tråd med retningslinjer fastsett av Kulturdepartementet.
- Dersom eitt eller fleire av vilkåra ovanfor blir mislighaldt, kan fylkeskommunen krevje tidlegare utbetalt tilskot tilbakebetalt innan 30 dagar etter at fylkeskommunen framset kravet skriftleg. Dersom huseigar ikkje betaler innan fastsett tidsfrist, kan fylkeskommunen krevje tvangssal av bygget.
- Som mislighald reknast alltid at anleggseigar avviklar drifta, innstiller betalingane, søker gjeldsforhandling, tvangsakkordforhandling, går konkurs eller blir sett under tvangsforfølging.

8. SAKSGANG OG FRISTAR FOR SØKNAD OM MIDLAR

Søknader om tilskot skal sendast elektronisk via www.anleggsregisteret.no innan 15. februar. Søknaden går då til kommunen der bygget ligg/skal ligge. Søknadsfristen i kommunen skal kunngjerast.

Godkjente søknader og kommunen si prioriterte innstilling skal vere sendt til fylkeskommunen innan 1. mai.

Melding om rammebeløp

Kulturdepartementet fastset rammene for beløpa fylkeskommunane kan få til fordeling, og gir melding til fylket om beløpet i løpet av mai/juni kvart år.

Oversikt over fordeling

Fylkeskommunen fordeler det tildelte beløp og underrettar søkarane om resultatet av behandlinga. Tildelinga blir avgjort i kultur-, næring- og folkehelseutvalet innan utgangen av september.

9. KRAV TIL SØKNADEN

Følgande informasjon skal vere inkludert i søknaden:

- a) Opplysningar om søkjar og vedtekter for organisasjonen/selskapet (gjelder ikkje for kommune, kommunale føretak og fylkeskommune).
- b) Opplysningar om prosjekt og behovsgrunnlag – kva er formålet med prosjektet? Kva skal konkret gjerast/byggast? Kva andre kulturbygg med liknande funksjonar er i rimeleg nærleik? Kva kulturaktivitetar skal skje, og kva er forventa deltaking og tal på aktivitetar kvar månad?
- c) Dokumentasjon av bygget/prosjektet med teikningar. Uttale frå relevant fagleg hald, for eksempel om sceneutforming, teknikk og lysforhold. Teikningar av bygget på minimum 1:200 i plan og snitt. Situasjonsplan på minimum 1:500.
- d) Utgreiing om universell utforming. Sjå gjeldande byggteknisk forskrift for kva krav som gjeld.
- e) For lokale som skal nyttast til musikkføremål skal det ligge føre dokumentasjon på at det er brukt akustisk kompetanse som ligg til grunn for vurderingar og val av løysingar. For rehabilitering skal det ligge føre dokumentasjon på at det er gjort akustiske målingar i lokalet. Norsk Standard NS 8178 «Akustiske kriterier for rom og lokaler til musikkutøvelse» skal ligge til grunn for dette arbeidet ved nybygg, og bør ligge til grunn ved rehabilitering.
- f) Detaljert prosjektbudsjett/kostnadsoverslag for prosjektet. Kostnadane bør vere dokumentert med kopi av tilbod. Administrasjonskostnadar kan utgjere maksimalt 5 % av samla tilskotsberettiga kostnadar. Upårekna kostnadar kan utgjere inntil 10 % av tilskotsberettiga kostnad.
- g) Søkar kan sette av midlar til kunst, uvisse og reserve. Der det blir sett av midlar til kunst skal kunsten kome fellesskapet til gode, i rom som er tilgjengeleg for alle.
- h) Plan for drift og vedlikehald med opplysningar om driftsansvar og korleis ein vil administrere kulturbygget. Plan for bruk med opplysningar om brukstid, brukargrupper og driftsbudsjett.
- i) Finansieringsplan – dokumentasjon på alle postar. Eigenkapital må vere stadfesta med kontoutskrift, lån må vere stadfesta med lånetilsegn, og kommunalt/fylkeskommunalt tilskot må vere stadfesta med kopi av vedtak. Private tilskot skal vere dokumentert.
- j) Verdien av dugnad skal vere rekna ut av kvalifisert fagperson. For eksempel kostnadsvurdering frå kommune eller tilbod, kostnadsoverslag e.l. frå firma. Verdien av dugnad skal vere utan meirverdiavgift.
- k) Søkar skal dokumentere rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år. Retten skal ha heimel i eit av følgande forhold:
 - o Tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med utskrift av grunnboka.
 - o Tinglyst feste/leigeavtale på minimum 20 år, og stadfesta utskrift av grunnboka.
 - o For anlegg på kommunal, fylkeskommunal eller statleg grunn skal det leggest ved ein avtale om bruk som gjeld i minimum 20 år.

10. UTBETALING AV TILSKOT

Utbetaling

Fylkeskommunen utbetalar som hovudregel løyvde tilskot til kommunen etter at kommunen har oppmoda om dette. Når det gjeld bygg som ikkje er eigd av det offentlege, formidlar kommunane tilskota vidare etter gjeldande retningslinjer. Fylkeskommunen kan utbetale tilskot direkte til søkar om kommunen ber om dette.

Så snart bygget er fullført, må tilskotsmottakar sette opp rekneskap for kommunerevisjonen.

Delutbetaling

Delutbetaling på inntil 85% av tildelinga kan skje når arbeidet er kome godt i gang. Dei siste 15% av godkjend tilskotsbeløp blir utbetalt når revidert sluttrekneskap ligg føre.

Sluttutbetaling

Sluttutbetaling skjer når ferdigattest og revidert rekneskap er sendt fylkeskommunen.

Inndraging av tildelte midlar

Tilsegn kan gjelde i inntil tre år. Dersom revidert rekneskap viser at bygget er blitt rimelegare enn godkjent kostnadsoverslag som låg til grunn for tilskotet, skal tilskotsbeløp justerast og restbeløp blir inndratt. Inndraging blir gjort av fylkeskommunen. I spesielle tilfelle kan fylkeskommunen gi utsetting av inndraginga.

Bruk av rentemidlar og inndratte midlar

Rentemidlar og inndratte midlar skal nyttast som tilskot til lokale og regionale kulturbygg som oppfyller dei formelle krav til å kunne få tilskot. Midlane skal først og fremst vere tilgjengeleg ved behandling av klagesaker.

Etter at klagehandsaminga er avslutta, kan midlane nyttast til :

- å gå vidare på prioriteringslista frå den ordinære tildelinga
- å gi tilskot til kulturbygg utanom søknadsfristen, for eksempel ved tilleggsøyving ved mindre overskridingar.

Klageadgang

Forvaltningslova § 28 andre ledd gir søkarar rett til å klage på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast til fylkeskommunen.

Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltinga av denne ordninga. I fylkeskommunanes underretning til søkarane om vedtak skal det mellom anna bli gitt opplysningar om høve til klage og klagefrist, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

11. KRAV TIL FØRING AV REKNESKAP

Rekneskapsplikt

Alle søkarar som mottar spelemidlar til lokale og regionale kulturbygg, pliktar å levere rekneskap. Revidert rekneskap er eit krav for å få utbetalt siste del av tilskotet. Revidert rekneskap er grunnlaget for storleiken på siste utbetalingsbeløp, og dermed for storleiken på det endelege tilskotet. Det skal nyttast same rekneskapskjema som for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Sjå anleggsregisteret.no for skjema.

Mottakarar av midlar må forvise seg om at den som tar hand om rekneskapsføringa har tilstrekkelege føresetnader for å kunne utføre denne på tilfredsstillande måte, og at vedkommande er kjent med krav og retningslinjer.

Det skal først eige byggerekneskap for kulturbygget. Det skal som hovudregel nyttast eigen bankkonto for alle utbetalingar/innbetalingar. Rekneskapen skal vere ført slik at det kan samanliknast med prosjektbudsjettet som blei innsendt ved søknad om tilskot. Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjente prosjektbudsjettet.

Det skal ligge føre bilag for alle utbetalingar og innbetalingar. Bilaga skal vise:

- kva utbetalinga/innbetalinga gjeld
- kva konto som er belasta
- kven som har anvist
- kven som har attestert
- bilagsnummer

Attestasjon og anvisning skal ikkje gjerast av same person. Bilaga skal nummererast fortløpande og arkiverast etter stigande nummer. Tilskotsmottakar pliktar å oppbevare bilag og rekneskapsbøker så lenge som rekneskapslova tilseier (10 år).

Bokføring av kontantinntekter som skal finansiere anleggskostnaden

Alle kontantinntekter som skal finansiere byggekostnaden skal først i rekneskapen, til dømes eigenkapital, spelemidlar, lån, kommunale og fylkeskommunale tilskot, og private tilskot. Hovudpostane for kontantinntektene skal vere dei same som postane for kontantinntekter som inngjekk i finansieringsplanen i søknaden.

Utbetalt tilskotsbeløp skal ikkje overstige kontantutgiftene som går fram av rekneskapen.

Krav om ferdigattest for kulturbygget

Fylkeskommunen anbefaler at teknisk etat, eller tilsvarande kontor/etat i kommunen, godkjenner/uttaler seg om prosjektbudsjettet i søknaden. Teknisk etat skal også, saman med kulturansvarleg, foreta ferdigsynfaring og stadfeste ferdigstilling av kulturbygget før rekneskapen leggst frem for revisjon.

12. REVISJON

Kommunerevisjonen skal gjennomgå avslutta rekneskap. Kommunen skal sjå til at revisor får tilgang til endeleg godkjend søknad med vedlegg.

Revisor skal sjekke rekneskapen i tråd med rettleiaren «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» (V-0732 B). Rettleiaren blir utgitt av Kulturdepartementet og inneheld eit eige kapittel om revisorkontroll.

Fylkeskommunen kan gjennomføre kontroll av anlegget og/eller fullstendig rekneskap med vedlegg, enten ved besøk på staden eller ved å få dokumentasjon sendt inn.